

07.02.2011

Gløym ikkje kulturmidlane!

**15. februar er ein viktig dato for lag og organisasjonar i bygda.
Det er fristen for innsending av søknadar til kommunen om kulturmidlar. og det
har hendt at nokon har gløynt det og gått glipp av betydelege midlar,**

Når det gjeld driftstilskot til lag og organisasjonar blir det delt ut i tre grupper ein gong i året. Det er driftstilskot til lag som driv kulturaktivitet for barn og unge, tilskot til drift og leige av kulturhus og anlegg og opne ungdomstiltak.

Det gis også byggjetilskot til private kultur- og idrettsanlegg, nærmere bestemt til vøling og rehabilitering. 300.000 er her til disposisjon.